

Bacheloroppgåve

NTNU
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Janne Karine Hegelstad

Nære svake band

Ein kvalitativ studie av studentars oppleving av å
bu i kollektiv med ukjende

Bacheloroppgåve i sosiologi

Veileder: Aksel Tjora

Mai 2020

Janne Karine Hegelstad

Nære svake band

Ein kvalitativ studie av studentars oppleving av å bu i kollektiv med ukjende

Bacheloroppgåve i sosiologi
Veileder: Aksel Tjora
Mai 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



NTNU

Kunnskap for en bedre verden

Forord

Eg vil retta ein stor takk til rettleiaren min, Aksel Tjora. Takk for gode tilbakemeldingar, tips og hjelp til oppgåva.

I tillegg vil eg takka informantane som villig sette av tid til å dela erfaringar og innsikt med meg.

Innhald

1. Innleiing	4
1.1 Samfunnsmessig aktualitet	4
1.2 Sosiologisk relevans og tidlegare forskning	5
1.3 Problemstilling	6
1.4 Leseguide	6
2. Teori	7
2.1 «Housing pathway» og bustadkarriere	7
2.2 Metonymiar og teikn	8
2.3 Kvardagsverkelegheita	8
2.3.1 Institusjonalisering	9
2.4 Venskap	9
2.5 Sterke og svake sosiale band	10
2.6 Kommentar til teoriane og underproblemstillingar	10
3. Metode	12
3.1 Tilnærming	12
3.2 Utval og intervju	12
3.2.1 Djupintervju	12
3.2.2 Kriterieutval	12
3.2.3 Intervjusituasjonen	13
3.2.4 Intervjuguide	13
3.3 Databehandling	14
3.4 Forskarrollen og etiske omsyn	14
3.5 Datas kvalitet	15
3.5.1 Pålitelegheit	15
3.5.2 Gyldigheit	15
3.5.3 Generalisering	16
3.5.4 Refleksivitet	16
4. Analyse	17
4.1 Dei usagde slutningane	17
4.2 Soveromsdøra som teikn og metonymi	18
4.3 Øyrepluggar som teikn og institusjon	20
4.4 Ein framand er ein ven du ennå ikkje kjenner	20
4.4.1 Trivsel blant ukjende	21
4.4.2 Eg visste ikkje at folk vert skikkeleg gode vener	21
4.4.3 Kor går skiljet?	22
4.5 Under same tak, men ikkje tett?	23

5. Avslutning	26
5.1 Ei open dør er eit ope kollektiv	26
5.2 Ein slags ven.....	27
5.3 Nære svake band	28
6. Litteratur.....	30
Vedlegg	33
Intervjugudie «Studentars oppleving av å bu i kollektiv med ukjende»	33
Infoskriv med retningslinjer frå NSD.....	35

1. Innleiing

Busituasjon er noko som for dei fleste endrar seg fleire gonger i løpet av livet. Kvar ein kallar *heim* og kva som avgjer om noko opplevast som ein, kan gjerne forandra seg. Ein type bustad som mange har i periodar av livet er kollektiv. Det er ein velkjend buform blant studentar, og kan variera mykje i samansetting. Nokon bur privat, andre gjennom studentsamskipnadar. Mange flyttar gjerne til eit kollektiv saman med nokon dei kjenner frå før, mens andre igjen deler kollektiv med heilt ukjende. I 2016 budde 42% av alle studentar i Noreg i lag med andre enn foreldre, partner og/ eller born. Dette er medrekna både dei som bur i studentbustad og andre (Keute, 2018, s. 129). Ei omfattande undersøking av studentars helse og trivsel (Knapstad, Heradstveit, & Sivertsen) viser at i 2018 var det over 45% som budde i lag med vener/ andre. Her får ein fram skilje mellom å bu aleine, med foreldre eller partner, eller vener/andre. Men kan ei slik kategorisering underkommunisera veners betydning for helse og trivsel? Er det i realiteten ikkje skilnad på å bu med vener og i mange tilfelle ukjende? I Tjora, Henriksen, Fjærli, og Grønning (2012, s. 136) sine studiar kjem det fram at det å bu med ukjende blir sett på som upopulært, og noko som skil seg frå å bu med vener. Triveselsundersøkinga viser og at tre av ti studentar ofte følar seg einsame, og at ein av ti ofte følar seg isolert frå andre (Knapstad et al., 2018). Statistikken tar høgde for kor mange nære vener ein har, og om ein har møtt desse på studiestaden. Hadde derimot tala sett like ut dersom ein hadde delt kategorien vener/ andre?

1.1 Samfunnsmessig aktualitet

Temaet studentbusetjing har vorte meir aktuelt dei siste åra, men korleis studentar tilpassar seg framande sambuarar, og korleis vanar og relasjonar vert oppretta og styrt i eit kollektiv satt saman av ukjende, er lite omtalt. Implisitt var det allereie eit aktuelt tema i forhold til studentars trivsel (Knapstad et al., 2018). Opplevinga av studentlivet er derimot mykje omtalt (Sæthre, 2018; Tønnessen, 2018; Universitetet i Bergen, 2020; Wiggen, Øygarden, Bakken, & Pedersen, 2020), sjølv om bustad med ukjende isolert sett ikkje har vorte mykje snakka om. I den siste tida har likevel temaet for mange vorte meir relevant. Midt i arbeidet med denne oppgåva sette regjeringa inn sterke tiltak for å hindra spreing av koronaviruset i Noreg. Dermed vart plutselig temaet endå meir aktuelt når den norske befolkninga fekk beskjed om å halde seg så mykje heime som mogleg. Dette førte til at mange studentar vart igjen i studiebyane sine over påska. Sjølv om justisministeren gav grønt lys for studentar som ville heim, var det mange kommunar som likevel frårådde bortebuande studentar å koma heim til

kommunen i påska (Andersen, 2020; NTB, 2020; Skarby, 2020). Dette set eit tydeleg skilje mellom bustadane til studentar, og ein får testa kva som kjennes som *heim*. Dei som bur med ukjende får og kjenne på opplevinga av dette i ein unntakstilstand.

1.2 Sosiologisk relevans og tidlegare forskning

I denne studien er det studentars kvardagsverkelegheit som er gjenstand for undersøking. Det er denne verkelegheita som for sosiologar er objekt for analyse (Berger & Luckmann, 2000). I sosiologien har ein moglegheita til å sjå nærare på korleis det daglegdagse ikkje berre er daglegdags, men og noko som er gjenstand for underliggande strukturar og premiss for interaksjon (Berger & Luckmann, 2000, s. 48). Mykje av teoriane og omgrepa nytta i denne oppgåva, som er med å legitimerer hennar sosiologiske relevans, er henta frå bustadsosiologien. Litteratur innan bustadsosiologi ser mellom anna på betydninga av bumiljø, naboskap, trivsel og kva betydning marknad, institusjonar og bustadkarriere spelar inn på dette (Thomsen & Eikemo, 2010; Tjora et al., 2012).

Fleire har studert kva betydning venter har, korleis denne utviklinga har vore, og forskjellige typar venskap (Alberoni & Lone, 1986; Frønes & Brusdal, 2000; Hruschka, 2010; Inglehart & Baker, 2000). Nyare studiar ser også på korleis unge vaksne, som utgjer hovudgruppa av studentar, vel å busetje seg. Auka i talet på studentar, har og ført til ei auke i interesse for studentars busetjing (Brieve & Mayfield, 1970; Gregory & Rogerson, 2019; Thomsen & Eikemo, 2010). Naturleg nok finn ein og ein påfølgande vekst i studentheimar. Thomsen og Eikemo (2010) har studert studentars trivsel i bustaden sin. Det er og god grunn til å tru at heimen si betydning påverkar trivsel, sjølv om det er snakk om mellombelse studentheimar (Thomsen, 2007). Dette bekreftast av Clapham (2005), som argumenterer for at viktigheita av eins heim har auka. Han meiner det skyldast den auka mobiliteten og farten i samfunnet, og at tilknytninga til heimen blir ein slags mot-reaksjon. Andre som har studert studentars trivsel med busituasjon er Oke, Aigbavboa, og Raphiri (2017, s. 656) som påpeikar viktigheita av eit godt sosialt miljø på buplassen for å trivast.

1.3 Problemstilling

Studenttida er ei spesiell tid, og som regel einaste perioden der så mange bur ilag med andre enn eigen familie. Samtidig har fleire forskarar peikt på den auka betydninga av venskap. Men er det slik at det å bu med vener og «andre» kan sidestillast? Korleis opplevast det å bu med heilt ukjende? Nettopp dette: *Korleis opplevast det for studentar å bu i kollektiv med ukjende?*, er problemstillinga for denne oppgåva. Problemstillinga vart på mange måtar danna med tanke på undersøkingar som syner at talet på einsame studentar aukar (Knapstad et al., 2018). Det fekk meg til å tenka på dei som bur med berre ukjende, og skapte ei undring i korleis dette opplevast.

1.4 Leseguide

Videre i oppgåva vil eg starta med å presentera dei valte teoretiske rammene som kan vere nyttige for å svara på problemstillinga. I den delen vil eg og presisera forskingsspørsmåla som analysen er sentrert rundt. Før sjølve analysen, gjer eg greie for metodiske val og framgangsmåte, samt skildrar datagrunnlaget og gjer ei vurdering av datas kvalitet. I analysen som fyljer er det datamaterialet som er fokus. Her vil eg presentera funna som har kome fram, knyte dei til teori og sjå dei i samband med forskingsspørsmåla. Til slutt vil eg diskutera funna og kor dei kan posisjoneras ut frå teoriar og tidlegare forskning.

2. Teori

I denne delen av oppgåva vil eg presentera det teoretiske rammeverket som vert nytta gjennom studien. Før dei ulike teoriane vert gjennomgått trengs ei avklaring av kva som kjenneteiknar dei fleste studentar sin bustadsituasjon. Til dette vil eg nytta omgrepa «housing pathway» og «bustadkarriere», som set ulike livsfasar inn i ein bustadkontekst.

2.1 «Housing pathway» og bustadkarriere

Bustad i studielivet skil seg frå andre periodar i livet (Thomsen & Eikemo, 2010, s. 275). Omgrep som kan bidra til å forstå dette betre er bustadkarriere og «housing pathway», som byggjer vidare på fyrstnemnde (Clapham, 2005, s. 28). Bustadkarriere skildrar vegen av forflyttingar i løpet av livet (Tjora et al., 2012, s. 128). Frønes og Brusdal (2000) blir mykje brukt for å forklara omgrepet i Fjærli's kapittel om dette i Tjora et al. (2012). Eg har likevel valt å bruka Fjærli si forklaring av omgrepet fordi han bind det direkte opp til studentar og er tydeleg på at bustad i studenttida er ein del av bustadkarrieren, i motsetning til Frønes og Brusdal (Tjora et al., 2012, s. 129). Eit viktig poeng om bustadkarriere er at det ikkje berre er ei oppadgåande kurve der bustadane blir betre og betre, og at det i hovudsak er standarden som set premissa. Livsfasen og kva som kjenneteiknar livet der og då er det som i størst grad legg føringar (Clapham, 2005, s. 30; Tjora et al., 2012, s. 132).

«Housing pathway» vil ha eit endå breiare perspektiv enn det bustadkarriere fangar. Dette omgrepet vil i tillegg inkludera korleis ulike fasar av bustadkarrieren inneheld ulike sosiale relasjonar og karakteristikkar, og vert definert som: «The social practices of a household relating to housing over time and space» (Clapham, 2005, s. 34). I tillegg argumenterast det for at omgrepet «housing pathway» betre fangar opp mangfaldet i interaksjonsmønster i vår postmoderne tid (Clapham, 2005, s. 29-30). Bustadkarrieren som skildra i Tjora et al. (2012, s. 136) tek likevel til ei viss grad høgde for dette, då faktorar som pregar den vert samanfatta til *relasjonar, tid og kunnskap*.

For å sjå meir konkret på kor studentar kan plasserast i desse omgrepa kan ein sjå på livsfasen dei fleste studentar befinn seg i. Sjølv om mange er etablerte og har born, har majoriteten av studentar ikkje stifta eigen familie og er i ein fase prega av jakt på ideal, nye opplevingar og

danning av vennskap (Thomsen & Eikemo, 2010, s. 275). Noko som demonstrerer dette er blant anna arrangement som studentar i Trondheim står i bresjen for. Ei presisering som ikkje vert nemn av Thomas og Eikemo, er at studentar nettopp studerer, og at kvardagen er annleis bygga opp enn i arbeidslivet. Dette samsvarer og med studentar som «unge vaksne», som i følgje Frønes og Brusdal (2000) er ein relativt ny livsfase som har vakse fram, i stor grad framprovosert av eit endra utdanningsmønster. Her ser ein ei auka betydning av vennskap. Det at me har fått andre forventningar til denne livsfasen, viser at det i høg grad er kulturelt, og ikkje berre biologisk styrt (Frønes & Brusdal, 2000, s. 49).

2.2 Metonymiar og teikn

Der metaforar overfører meining frå eit kunnskapsområde til eit anna, for å samanlikna noko, opererer metonymiar innanfor same kunnskapsområde eller domene ved å erstatta eit ord eller uttrykk med eit beslekta ord eller uttrykk (Johannessen, Rafoss, & Rasmussen, 2018, s. 158, 166). Å seie: «eg drakk heile flaska» i staden for «eg drakk opp alt vatnet i flaska», er eit døme på ein metonymi. Eit kjenneteikn er at ein ved bruk av metonymiar lar ein del stå for ei heilheit. Dei ulike delane kjem fram gjennom bruk av teikn. Teikn er koplingar mellom uttrykk og innhald, og skildrast som semiotikkens grunnomgrep. Uttrykka er i seg sjølv meiningslause, fysiske ting som ein kan oppfatta med sansane. Dei vert gitt meining ved at ein tileignar dei innhald. Teikna har både eit grunnleggjande innhald, *denotasjonar*, og konvensjonelle tilleggstydingar basert på sosial einigheit, *konnotasjonar*. Når konnotasjonane står seg over tid, og vert til bestemte måtar å tolke ulike teikn på, oppstår det *kodar* (Johannessen et al., 2018, s. 248-251).

2.3 Kvardagsverkelegheita

Berger og Luckmann skriv om korleis me opplever verkelegheita ut frå kva bilde me har på samfunnet og korleis det er. Dei argumenterer for korleis menneske skapar si eigen verkelegheit og ynskjer å trekke ei linje mellom kunnskapssosiologien og den teoretiske kjerna sjå Mead og sosial konstruktivismen (2000). I følgje Ritzer og Stepnisky (2014, s. 363), er Berger og Luckmann meir opptatt av korleis aktørar tolkar og vurderer kva rammer som må brukast i ein gitt situasjon, der til dømes Goffman ser meir på rammene i seg sjølve. Desse rammene vert nytta innanfor *kvardagsverkelegheita* vår, med andlet-til-andlet-interaksjon som den grunnleggjande forma. For å strukturera desse andlet-til-andlet-

situasjonane nyttar me typeskjema, som baserer seg på inntrykka av forskjellige personar. Typeinndelinga personar har overfor kvarandre vil påverka interaksjonen deira (Berger & Luckmann, 2000, s. 48-50). På same måte som sjå Johannessen et al. (2018), skildrar Berger og Luckmann viktigheita av teikn for å kommunisera. Dei mest sentrale teikna er språk, fordi dei gjer ei heilt spesiell moglegheit til å forstå andre sin subjektivitet (2000, s. 55).

2.3.1 Institusjonalisering

Alle menneske dannar seg forskjellige vanar. Når desse vanemessige handlingane vert delt inn i typar av forskjellige aktørar, oppstår det institusjonar. Prosessen dit, institusjonalisering, består av at personar som omgåst kvarandre gjensidig vil tillegga andre sine handlingar meining og motiv. I tillegg plasserer me dei inn i typar. Når handlingane gjentar seg, vert dei til vanar både for dei som utførar handlingane og dei som observerer. Vanane blir dermed til *institusjonar* (Berger & Luckmann, 2000, s. 75). Nokre institusjonar vil og vere felles handlingar. Med overføring til andre enn berre desse to personane som interagerer, vert institusjonane objektivert. Det er med utgangspunkt i desse prosessane at Berger og Luckmann (2000) argumenterer for at den sosiale verkelegheita vår er menneskeleg skapt.

2.4 Venskap

Rahimi (2015, s. 7) peikar på mange fordelar med sosial interaksjon i høvesvis studentheimar. Blant desse er betre resultat og mindre sjanse for å droppa ut av universitetet, betre integrering av minoritetar og at det bidreg til ein venlegare og fordelaktig atmosfære på campus. Det kan tyda på at nettverka ein har av kjente og vener, har stor innverknad på trivsel og korleis ein presterer på andre område i livet enn berre bustaden.

Dei fleste universitet og høgskular i Noreg ligg i byar, og dermed vert Fischers (1982) analyse av nettverk i urbane strøk, nyttig. Han ser blant anna på om det urbane livet, i motsetning til det rurale, øydelegg personlege relasjonar, eller om relasjonane og nettverka berre ser annleis ut i urbane strøk. I byar vil ein oftare kunne finna nokon med meir like interesser, og kan dermed spissa nettverka meir gjennom til dømes klubbar. Ein må sjølvsagt ta høgde for at det kan vera forskjellar mellom norsk kultur og den amerikanske som Fischer skildrar. Tendensen er at unge, ugifte, utdanna og velstående menneske har fleire «berre vener» (Fischer, 1982, s.

115). Kategorien «berre vener» tyder at det ikkje er ein arbeidsplass, organisasjon, slektskap eller liknande som nødvendigger ein relasjon. Det er tydelege forskjellar på kor homogene relasjonar er ut ifrå type relasjon. Folk ein omgåst med utan formelle rammer, berre vener, er generelt sett mykje likare kvarandre enn folk som ikkje er «sjølvvalte». I tillegg går denne kategorien av relasjonar oftare på kostnad av nærleik til slekt, naboar og kyrkje (1982, s. 120, 181). Når ein bur med ukjende, som ein i liten grad har valt sjølv (ein kan moglegvis ha fått info om kven som bur der frå huseigar eller likande), kan ein plassera relasjonane ein stad langs linja nabo – ven. Så lenge ein bur saman vil kategorien «berre vener» vere umogleg, på grunn av rammene som kjem av å dele bustad.

2.5 Sterke og svake sosiale band

I følge Granovetter (1977, s. 347) er det å analysere prosessar i mellommenneskelege nettverk, den beste måten å skapa ei bru mellom interaksjonar på mikronivå og strukturar på makronivå innan sosiologien. For å måla styrken mellom aktørane, og om relasjonane er prega av sterke eller svake sosiale band, bruker ein graden av tettheit og nærleik som måleining. Dette målast på bakgrunn av tidsbruk, emosjonell tilknytning, grad av tillit, og kva gjensidige tenester som karakteriserer bandet mellom aktørane. Teorien om sterke og svake band går ut på at det ikkje er dei næraste relasjonane som bind oss saman med storsamfunnet, men tvert i mot meir perifere kjennskap (Granovetter, 2005). Det er ikkje denne teorien som i hovudsak skal nyttast i denne oppgåva, men måten forfattaren målar styrken mellom aktørane.

2.6 Kommentar til teoriane og underproblemstillingar

Teoretikarane som er brukt, kjem frå ulike tradisjonar. Symbolsk interaksjonisme og sosialkonstruktivisme er dei mest rådande, og vil følgeleg danne grunnlaget for denne oppgåva. Ulempa med dette er at det er lett å sjå forbi viktige aspekt, som til dømes makt. Mange av teoriane er og noko vage, som gjer det vanskelegare å knyta dei til empiri (Clapham, 2005; Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 373). Sjølv om makt ikkje er eit tema i denne oppgåva, vil eg likevel anerkjenne at det finnest ei materiell verd utafør diskursane. Dermed kan den teoretiske posisjonen *svak sosialkonstruktivisme*, som Clapham (2005, s. 22) og viser til, seies å vera mest gjeldande her.

Problemstillinga lyd som tidlegare nemnd: *Korleis opplevast det for studentar å bu i kollektiv med ukjende?* Ut i frå dei teoretiske perspektiva kan den overordna problemstillinga konkretiserast til to forskingsspørsmål:

- 1) *På kva måte nyttast metonymiar og teikn for å kommunisera med kvarandre i kollektiv med ukjende?*
- 2) *Kva rolle speler danning av venskap i kollektiv med ukjende?*

3. Metode

I dette kapittelet vert metoden i oppgåva utdjupa, der eg presenterer datagrunnlag, metodisk framgangsmåte og datas kvalitet. Før dette vil eg utdjupe val av tilnærming.

3.1 Tilnærming

I denne oppgåva ynskja eg å studera kva opplevingar og erfaringar informantane har knytt til temaet. I ei slik fenomenologisk tilnærming er det livsverda til informantane som er gjenstand for forskning. Dette er for å kunna sjå på korleis menneske skapar sosial verkelegheit, samstundes som dei vert styrte av sosiale og kulturelle strukturar som allereie eksisterer (Ritzer & Stepnisky, 2014, s. 219).

3.2 Utval og intervju

3.2.1 Djupintervju

Empirien som er utgangspunktet for oppgåva byggjer på djupintervju med 3 informantar. Informantane bur i kollektiv rundt om i Trondheim. I forkant av intervjuet var eg interessert i å finna ut meir om studentars refleksjonar rundt det å bu med ukjende, utan å vite kva som ville dukka opp i intervjuet. Grunngevinga for å bruke djupintervju er at problemstillinga fordrar ein studie av studentars livsverd, i det den spør om studentar opplevingar av eit fenomen. Dermed vart det naturleg å samle data på denne måten. Dette er og grunnen til at studien er kvalitativ. Studien er godkjend av NSD, som forskingsprosjekt for bacheloroppgåve ved Institutt for sosiologi og statsvitskap (NTNU).

3.2.2 Kriterieutval

Utvalet av informantar er eit kriterieutval, der eg vil undersøkje informantanes egne opplevingar og erfaringar knytt til å bu i kollektiv med ukjende. Kriteria var at informantane bur med personar dei ikkje kjende frå før, at dei er noverande studentar, og at dei hadde budd der meir enn eit halvt år. Bakgrunnen for å velje ein slik utvalsstrategi var å sikre meg at informantane kunne bidra med å svara på problemstillinga, i tråd med Tjora (2017). I fyrste omgang var planen å berre intervjuet studentar som bur i studentbyar, men då dette gjorde rekrutteringa for utfordrande, valte eg å ikkje setje dette som kriterium. Det å i tillegg bruke informantar frå den private bustadmarknaden kan vere positivt i forhold til representasjon, då

størsteparten av busetjinga blant studentar blir dekt av private aktørar (Thomsen, 2007, s. 578). Rekruttering vart gjort gjennom eit innlegg i Facebook-gruppa til ein studentby, men dette utan hell. Dermed fant eg informantar gjennom medstudentar, som eg vidare kontakta på telefon eller e-post for å spørje om dei ynskja å stille. Intervjua varte rundt 30 minutt, og vart gjennomførte på grupperom på NTNU sine ulike campus. I forkant av intervjua fekk informantane eit skriv med informasjon om studien (sjå vedlegg).

3.2.3 Intervjusituasjonen

Intervjusituasjonen er ein balansegang mellom ein formell og uformell situasjon, der ramma for samtalen er formell, samstundes som forskaren gjerne ynskjer å skapa ein uformell og avslappa stemning (Tjora, 2017). Sånn sett kunne det vore fordelaktig å gjennomføra intervjua heime sjå informantane, då dette i tillegg var tema for studien. På andre sida var eg redd det ville by på utfordringar dersom nokre av medbuarane var heime. Dette kunne ha avgrensa kvaliteten på datamaterialet, då informantane gjerne ville blitt meir reservert i kva dei delte dersom det var mogleg for medbuarane å overhøyre delar av intervjuet. Ein slik intervjusituasjon ville sjølvsagt og hatt etiske utfordringar, og gjort anonymisering av informanten vanskelegare. Eg brukte diktafon under alle intervjua, noko som fungerte veldig greitt. Då slapp eg å notera under intervjua, og kunne vere meir til stades i samtalen. Dette gjorde det lettare å stille oppfølgingsspørsmål. Ingen av informantane såg ut til å verte forstyrra av at det vart tatt opp lyd, så det hadde i mitt tilfelle berre positive følger å bruke diktafonen.

3.2.4 Intervjuguide

Under intervjua brukte eg ein semistrukturert intervjuguide med fire tema, sett bort i frå innleiings- og avrundingspørsmål (sjå vedlegg). Tema for intervjuet var flytting til kollektiv og forventningar til dette, sjølve buplassen og dei praktiske omsyna, sambuarane og relasjonane mellom dei, og til slutt meir om relasjonane og eventuelle venskap til sambuarane. Gjennom det fyrste intervjuet vart eg medviten om kor stor skilnaden kan vere på korleis ting vert oppfatta av dei ulike kollektivbuarane. Det gjorde at eg fokuserte mindre på kva opplevingar *kollektivet* eller andre sambuarar hadde om ulike ting i dei andre intervjua. I staden brukte eg meir tid på informantanes eigen oppleving, der dei slepp å «synsa» korleis dei trur sambuarane opplever noko.

3.3 Databehandling

Alle intervjuer vart transkribert og datamaterialet koda i dataprogrammet *HyperResearch*. Kodane er utvikla frå data, og ikkje teori, og fell dermed under kategorien empirisk koding, eller open koding (Glaser & Strauss, 1967; Tjora, 2017). Eg koda nesten samtlege utsegn som kunne knytast til problemstillinga og fekk totalt 136 kodar. Det kodestrukturerte datamaterialet vart så kategorisert i 12 ulike kodegrupper. Desse vert namngjeve lengre nede, med unntak av *matlaging/ kor ein et middag, heim og heim-heim, og kvifor kollektiv*, som ikkje vert brukt like aktivt i analysen. Den påfølgande analysen er basert på dei funna som var mest gjennomgåande på tvers av intervjuer, og relevante for å svara på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Det første forskingsspørsmålet handlar om korleis metonymiar og teikn vert brukte for å kommunisera, og her er særleg kodegruppene *eg trur dei trur at, tankar om trivsel, fellesareal og soveromsdøra* nytta. Knytt til det andre forskingsspørsmålet om danning av venskap, har eg særleg nytta kodegruppene *kva ein deler av praktiske ting, korleis ser ein på relasjonane, forventingar, snakka om vanskelege ting og felles aktivitetar*. I denne delen av analysen ser eg nærmare på skilnaden mellom å bu med ukjende og vener. Dette steget i databehandlinga kan plasserast i *utvikling av konsept* i Tjora (2017, s. 19) sin Stegvisdeduktiv induktivmetode. Denne modellen har vorte aktivt brukt og nyttig for å gå i frå val av informantar og generering av empiri, til å utvikla eigne konsept.

3.4 Forskarrollen og etiske omsyn

Som sagt rekrutterte eg informantar gjennom vener og medstudentar. Dette mellomleddet kan på eine sida fungere som eit godt skotmål og skapa tillit til meg som intervjuar. Samstundes opplevde eg at eg som intervjuar måtte vere endå meir påpasseleg med å setje tydelege rammar for intervjuet, for at ikkje mi rolle som «ven av ein ven» skulle påverka kva svar informantane gav. Eg passa likevel på at eg ikkje kjende nokon av dei informantane budde med, då dette kunne ha svekka mi rolle som utanforståande. Denne måten å rekruttera på førte og til at eg var ennå meir påpasseleg med anonymisering. Sidan det berre er tre informantar har eg ikkje opplyst om fornamn, kjønn, alder, eller studie for å unngå at dei blir gjenkjend av andre. Eg har vurdert det til at eg med berre tre informantar uansett ikkje kunne ha trekt slutningar om kva rolle til dømes kjønn spelar inn, og at det derfor går greitt å ikkje opplysa om dette. For å skilja mellom sitata til dei ulike informantane, har eg gitt dei tre kjønnsnøytrale, fiktive namn; Kim, Alex og Robin.

3.5 Datas kvalitet

3.5.1 Pålitelegheit

Å vere medviten om sin eigen posisjon i forhold til eige arbeid er eit viktig kriterium for at forskinga skal vere påliteleg (Tjora, 2017). På same måte som Fjærli (2008) i sine studiar av studentars busetjing reflekterte rundt si eiga rolle som student, måtte eg tenka godt gjennom kva spørsmål eg stilte under intervju for å ikkje stille leiande spørsmål. Kanskje endå viktigare var det å tenka gjennom kva spørsmål eg *ikkje* stilte. Sidan eg sjølv er student i Trondheim, som alle informantane, var det viktig å vurderer om forutinntekne meiningar om informantanes opplevingar fekk påverka intervjuet. Tjora (2017, s. 236) viser korleis det å vere i ein liknande situasjon som informantane ikkje i seg sjølv er eit problem for pålitelegheit, men det krev at ein er open om eige engasjement i tema. I mitt høve trur eg det fyrst om fremst har vore ein fordel å vere i likande situasjon som informantane, men samstundes at eg ikkje har erfaring frå å bu med ukjende. Dermed kunne eg tenka meg kva område det var lurt å fokusera på under intervjuet. I forhold til teoretisk posisjon var dette eit felt av sosiologien eg ikkje kunne så mykje om i forkant av oppgåva. Meir kunnskap om det teoretiske landskapet i forkant av intervjuet kunne ha mogleggjort ei meir abduktiv tilnærming med auge for produktive anomaliar, til dømes i samband med teorien om «styrken i de svake bånd» (Granovetter, 1977; Vassenden, 2018).

3.5.2 Gyldigheit

For å vurderer oppgåvas gyldigheit må ein sjå i kor stor grad data som er generert i intervjuet, faktisk svarer på problemstillinga (Tjora, 2017). I tillegg må ein vurderer valt metode opp i mot typen studie og forskingsspørsmål. I denne oppgåva er studentars eigen oppleving av eit fenomen det ein vil finna ut av. Derfor meiner eg at djupintervju er den mest hensiktsmessige måten. Observasjon av livet i eit kollektiv kunne og vore nyttig, men her ville eg og vore avhengig av bebuarane sine eigne refleksjonar rundt kva som utspelte seg, og å finna ein passende rolle som observatør. I forhold til tidlegare kvalitativ forsking på studentars busituasjon, er det lettare å forankra val og funn i anna relevant forsking gjennom dei valte metodane. Det å halde seg innanfor nokre allereie etablerte teoretiske rammer kan styrke gyldigheita (Tjora, 2017, s. 234).

3.5.3 Generalisering

Gjennom organisering av kodegruppene kom eg fram til ulike konsept som vert analysert i lys av ulike teoriar i seinare kapittel. Desse konseptane er utvikla gjennom å studera studentar i ein spesiell busituasjon, men med ei teoretisk forankring kan dei forhåpentlegvis ha verdi utanfor denne gitte studien. Dermed vert det og eit mål for oppgåva å ha ei konseptuell generaliserbarheit (Tjora, 2017).

3.5.4 Refleksivitet

For å betre sikra kvaliteten og truverdigheita til datamaterialet og funna, har eg forsøkt å vera så open og transparent som mogleg. Transparens handlar om gjennomsiktighet for lesaren der det vert skildra kva som har vert gjort i løpet av ein studie. Dette er med å styrka kvaliteten på forskinga (Tjora, 2017). Ei oppgåve som denne med relativt avgrensa omfang gjer det som sagt vanskeleg å generalisera, og dermed er det viktig med openheit rundt det som er gjort, for at oppgåva skal ha relevans i forhold til meir omfattande studie på same tema. Transparens er naudsynt i kvalitative studiar der replikasjon og etterprøving er vanskeleg (Pratt, Kaplan, & Whittington, 2019).

4. Analyse

I analysekapitelet vil eg presentera funna frå datamaterialet som kan nyttast til å diskutera problemstillinga. Datamaterialet vil og bli knytt til teorien som er gjort greie for. Først vil eg presentera data som er relevante for det første forskingsspørsmålet, ved å sjå på korleis kollektivbuarane kommuniserer med kvarandre. Dette med fokus på soveromsdøra og øyrepluggar som teikn. Etterpå vil data som omhandlar relasjonane i kollektiva generelt, og betydinga av venskap spesielt, vere fokus i resten av analysen.

4.1 Dei usagde slutningane

Alle informantane skildra på ulike måtar korleis vanar og praksisar oppstod i kollektiva deira, utan at det eksplisitt vart snakka om. Dette gjaldt både husvask, korleis ein ter seg i fellesareala, og kva ting ein har kvar for seg og ikkje. Eit gjennomgåande funn var at informantane var opptekne av å ikkje leggja opp til konflikhtar eller diskusjonar som kunne gå ut over samspelet og i nokre høve vennskapet til sambuarane. Det kom tydeleg fram at anten relasjonane vart skildra som nære eller ikkje, så brukar ein ulike signal for å demonstrera at ein vil vere i lag eller ikkje. Ein av informantane skildrar kommunikasjon i kollektiv sånn: «Ein må liksom vere veldig sånn *passer på* og *lesa teikn* og følgja med på korleis personen ter seg, følar eg» (Kim). Eit anna eksempel viser korleis ein tolkar seg fram til at den andre ynskjer å vere saman:

Eg har ikkje spurd ho sånn, eller me har ikkje snakka sånn eksplisitt om det. Det er meir sånn at ein spør kva den andre likar å gjere så forstår ein meir korleis den type person er. Og derifrå så er ein sånn: «okei, vil du finna på ting?» (Kim).

I følgje Berger og Luckmann (2000) er språk dei mest sentrale teikna ein brukar for å kommunisera og forstå kvarandre. Likevel er det interessant å sjå korleis det etter kvart oppstår institusjonaliserte teikn som vert tillagt bakanforliggjande motiv. Når medbuaren seier kva vedkommande likar å gjere, tolkar Kim det til kva dei to kan gjere saman, og legg såleis føringar for den vidare relasjonen deira. Denne måten å tolka kvarandre på, ved å bruke andre teikn enn berre språk, vert og skildra av Robin: «Sånn ein ubevisst sendar nokre signal gjennom kroppsspråk og ansiktsuttrykk og på ein måte. At ein ikkje ynskjer å nødvendigvis vere så veldig mykje saman då». Dette er i tråd med at me gjennom sosial einigheit tillegg uttrykk konnotasjonar, som gjer det mogleg for oss å kommunisera på ein effektiv måte

(Johannessen et al., 2018). Som Robin og seier, er dette så innarbeida, *institusjonalisert*, at det kan skje ubevisst.

Denne måten kommunisera på er ikkje unik for kollektiv med ukjende, men skjer med alle me omgåst. Men i nære relasjonar har ein lært kvarandre å kjenna, og har dermed eit betre grunnlag for å vita kva motparten faktisk vil kommunisera. Det som skil kollektivbuarane, som har hamna i same husstand relativt tilfeldig, er at prosessen med institusjonalisering byrjar i ein av dei viktigaste privatsfærene med har, heimen (Oke et al., 2017). Vanlegvis vil ein allereie ha danna desse felles forståingane med dei ein bur med (Berger & Luckmann, 2000). Anten fordi ein har vakse opp med dei same objektiverte institusjonane, eller at ein gjennom venskap, ekteskap eller andre forhold har observert den/ dei andre sine vanemessige handlingar før ein flyttar inn saman. Som me vidare skal sjå, vert det over tid danna institusjonar i kollektiv med ukjende òg.

4.2 Soveromsdøra som teikn og metonymi

Som nemnd kom det fram korleis informantane bruker ulike symbol for å signalisera kor sosial ein vil vere, eller kva som er privat og felles. Utan at dette nødvendigvis har blitt avtalt, blir konkrete ting tileigna meiningar, som fungerer som ein type ikkje-verbal kommunikasjon. Gjennom å observere kvarandre sine handlingsmønster, kan ein etter kvart skjønna kva kvarandre meiner utan å nødvendigvis seia det eksplisitt. Konnotasjonar er basert på sosial einigheit, og til nokre teikn har ein gjerne same konnotasjonane frå før ein flyttar inn saman, sjølv om desse kan varier frå tid og stad (Johannessen et al., 2018). Eit døme på dette er soveromsdøra. Denne vart nemnd av alle informantane for å skildre anten kor ope eller lukka kollektivet er, eller korleis døra vart brukt som eit teikn på om ein ville vere aleine eller sosial. Døma under er med på å få fram kva konnotasjonar soveromsdøra kan ha:

Eg hugsar i fjor var eg mykje flinkare til å ha døra berre open til rommet [...] Berre fordi ein følte seg som ein del av fellesskapet og det var fint då. [...] No lukkar eg døra så fort eg kjem inn på rommet då (Robin).

Viss eg vil vera på rommet, så vil eg på ein måte vera aleine. Og det trur eg eigentleg dei veit. Og då lukkar eg gjerne døra i tillegg. Så viss døra er lukka så går ein gjerne ikkje inn då (Alex).

Men det er ikkje sånn at me seier sånn: «no vil eg vere aleine!», det er meir sånn «no går eg på rommet mitt» (Kim).

Sidan det å lukke soveromsdøra viser at ein ynskjer privatliv, og at ein vil vere i «eigen sone», må det naturleg nok stå i kontrast til noko som ikkje vert oppfatta like privat som soverommet. Teiknet seier altså ikkje berre noko om kva meining ein tillegg døra isolert sett, men og noko om synet på dei andre romma. Alle kollektiva som er knytt til denne studien hadde fellesareal med stove, kjøkken og bad. Her var det ganske ulikt kva forhold informantane hadde til det å bruke tid i stova. Ein av informantane peikar på korleis fellesareala si rolle avhenger av kor godt dei som bur der trivs i lag. Vedkommande trivs ikkje så godt i sitt noverande kollektiv, og skildra forskjellen på korleis trivselen er betre i stova om vedkommande får ho for seg sjølv, der informanten tidlegare hadde delt kollektiv med nokon som kom betre overeins med kvarandre. Dei som informanten budde med før skildrast som «gode vener som opphaldt seg mykje i stova». Sjølv om dei ikkje kjende kvarandre frå før av, fann dei tonen og fellesareala vart mykje brukt. Dette samsvarer og med forholdet dei andre skildrar til stova og kjøkkenet. Dersom ein oppheld seg på fellesarealet vert det på mange måtar forventa at ein skal vere sosial. Kontrasten mellom fellesareala og soverommet kan sjå ut til å verte styrka av desse forventningane.

Nøyaktig kor forventningane om å vere så og så sosial kjem frå, er vanskeleg å seie. Ei mogleg forklaring er å sjå dei i samband med livsfasen studentane befinn seg i (Thomsen & Eikemo, 2010). Ut frå dei forventningane studentane har til seg sjølv og andre; «at det er sosialt og det er hyggeleg og det er ein del av studentlivet» (Kim), er ein med på å bekrefte at bustader i ulike fasar av bustadkarrieren kjenneteiknast av forskjellige sosiale praksisar (Clapham, 2005).

I det siste eksempelet blir det ‘å gå på rommet sitt’ brukt som ein metonymi, der ein unngår å seia direkte at ein vil vere aleine, gjerne for å unngå å støyta nokon. I staden for å forklara heile situasjonen held det å bruka ein liten del av meininga for at motparten skal forstå innhaldet i det ein seier. Den lukka døra fungerer som eit teikn på privatliv, mens ei open dør signaliserer at ein føler seg som ein del av fellesskapet. Robin skildra og opne soveromsdører som eit teikn på at ein er «vener og ikkje berre fellesbuarar». Det at soveromsdøra ser ut til å ha dei same konnotasjonane knytt til seg i alle dei tre kollektiva, kan tyda på at dette er eit teikn som innehar brei sosial einigheit, og er ein innlært *kode* (Johannessen et al., 2018).

4.3. Øyrepluggar som teikn og institusjon

Kva gjer ein så dersom ein ynskjer å vera i fellesareala, men likevel få privatliv? Ein av informantane fortel om korleis vedkomande viser at ein ikkje vil vere saman utan å seie det eksplisitt:

Også er det veldig mange som går med sånne øyrepluggar i øyrene då. I fellesareala også. Det tar eg meg sjølve i å gjere litt for å sende eit signal også då. Om at ein ynskjer å vere litt i fred liksom (Robin).

I same kollektivet, men med andre sambuarar, kan det virka som øyrepluggane hadde noko av dei same konnotasjonane knytt til seg. Informanten fortalte korleis det låg ei forventning om at dersom ein såg på serie i fellesarealet med øyreproppar, tok ein desse ut og såg saman viss det kom nokon andre og sette seg. Her kan ein sjå kontrasten til soveromma, som blir sett på som ein privat del av kollektivet. Øyreproppane blir mest som eit hjelpemiddel for å skapa eit privat rom, sjølv om ein oppheld seg i fellesareala.

Bruken av øyrepluggar vart berre nemnt i eitt av intervju. Ein anna informant skildra det å arbeide med skule som ein måte å få privatliv i fellesarealet på. Når nokon sat med skulearbeid, var einaste døme på situasjonar der dei ikkje åt middag i same rom. Dette er ikkje overraskande, då institusjonane som dannast når personar interagerer, naturlegvis vil sjå forskjellige ut mellom forskjellige aktørar (Berger & Luckmann, 2000).

Soveromsdøra og øyrepluggane er berre to av mange døme på korleis ein brukar teikn for å kommunisera, og korleis desse teikna etter kvart vert institusjonaliserte og i nokre høve objektiverte. Det er tydeleg at særleg soveromsdøra er noko som går igjen, gjerne fordi det er noko dei fleste på ein eller anna måte har teke stilling til. Metonymiane og teikna brukast fyrst og fremst for å kommunisera på ein effektiv måte (Johannessen et al., 2018).

4.4. Ein framand er ein ven du ennå ikkje kjenner

Denne utsegna skildrar noko av det som kom fram i innleiinga, angående kategorisering av studentars busetjing. I Studentenes Helse- og Trivselsundersøkelse (Knapstad et al., 2018), vert det å bu med venner sett i same kategori som å bu med «andre». Ein vil med andre ord ikkje få fram skilnadar mellom å bu med vener og med framande, og om dette verker inn på

trivsel, helse og einsamheit. Informantane i denne studien skildrar ei heilt anna oppfatning. Gjennom intervjuet kom det fram fleire ulike område der informantane meiner ting hadde vore annleis dersom sambuarane hadde vore vener før dei flytte inn saman. Dette gjaldt både når sambuarane hadde vorte vener etter dei flytta inn, og når dei ikkje kjende kvarandre særleg godt. I denne delen av analysen er fokuset på kva rolle venskap spelar i kollektiv med ukjende.

4.4.1 Trivsel blant ukjende

Alle informantane er klare på at trivsel fører til at ein oppheld seg meir i fellesareala og dermed er meir sosial. Robin opplyser at han/ ho prøvar å avgrensa tida i fellesarealet på grunn av låg trivsel, og ikkje nære relasjonar med medbuarane: «Det er jo stova som det kan hende fleire sit i. Men eg har eigentleg bevisst...teke avstand frå det fordi eg føler at det ikkje heilt er mine folk å henga med liksom». Institusjonen soveromsdøra utgjer, vart og brukt for å visa kva som vart annleis når ein «er vener og ikkje berre fellesbuarar», og korleis dette kunne vere med å viska ut skilje mellom kva som er privat og felles. Robin knyt trivsel, eller mangel på trivsel til kor godt kollektivbuarane kjem overeins. Med utgangspunkt i Fischers (1982) analyse av sosiale nettverk i urbane strøk, vil folk i byar ha mykje større valfriheit i forhold til kven ein omgast. Dette gjer at ein vert meir selektiv på kven ein brukar tid saman med, og har moglegheit til å velje vekk dei ein bur med. Ut frå Fischers teori, og at alle informantane opplyste at dei har vener utanom kollektivet, kan det tenkast at «krava» ein stiller til kor godt ein skal koma overeins for å bruka tid saman, aukar.

4.4.2 Eg visste ikkje at folk vert skikkeleg gode vener

Overskrifta gjenspeiler informantane sine forventningar før dei flytta inn i kollektiv med ukjende. Sjølv om alle tre ytra eit ynskje om å «få gode vener» (Robin), «lage ein relasjon og liksom verte vener på ein måte» (Kim), fortel Alex om at han/ ho vart overraska over kor godt overeins alle i kollektivet går. Dei finn på mykje saman, i likheit med Kim sitt. Likevel seier begge at venskapet skil eg frå eit «typisk» venskap. Ein av informantane seier til dømes at vedkomande, dersom det ikkje hadde satt venskapa på spel, eigentleg kunne tenke seg å byte medbuarar neste skuleår: «eg likar gjerne litt sånn utskiftingar og sånn. Det høyrer veldig fælt ut då.. når eg har vorte god ven med dei [...] å skulle seie til dei at eg vil utvida horisonten» (Alex). Kim kallar og eine medbuaren sin «meir sambuar enn ven», og trur ikkje

at kontakten med kollektivet vert tett dersom dei ikkje bur saman lengre. Robin viste i intervjuet og til fyrste gongen han/ ho budde med ukjende. Sjølv om «den gjengen på tre var utruleg gode vener og oppheldt seg mykje i stova», har ikkje venskapet haldt fram etter at dei flytta ut. Skiljet mellom «berre vener» og relasjonar med visse roller knyt til dei (Fischer, 1982, p. 108), ser ut til å gjelde også når det er snakk om kollektiv med ukjende.

Dette skiljet mellom vener og ukjende vert og presentert i Tjora et al. (2012, s. 135). Informanten deira skildrar korleis ho ser på kollektiv der ukjende bur saman som lite sosialt, og slitsamt med tanke på alle omsyn ein må ta til medbuarane. Vidare argumenterast det for at dersom ein skal plassera slike kollektiv i bustadkarrieren, vil dei hamne relativt lågt. Dersom dette faktisk er den gjengse oppfatninga av å bu med ukjende i staden for vener, talar det for at kategoriseringa av vener/ andre under eitt, er mangelfull (Knapstad et al., 2018).

4.4.3 Kor går skiljet?

Det er ikkje berre sambuarskapet som påverkar venskapet, men og andre vegen. Tidlegare såg me korleis venskapet gjorde det vanskeleg å seie frå om ynskje om nye sambuarar. Dersom ein ser på kvarandre som vener, kan det gå ut over kva som er forventa som sambuarar, og gjere det vanskelegare å ta opp ting som omhandlar det som må gjerast i huset:

Me har vorte så gode vener at det har blitt rart å snakka om kollektivting. Men andre folk har jo sikkert sånne.. eg veit ikkje.. møter og sånn. Eller ein prat om korleis det fungerer og sånn [...] Det vert så uvant (Alex).

Til tross for at ein etterkvart kan sjå på dei ukjende kollektivbuarane som vener, er det tydeleg at skilje mellom desse relasjonane og andre vener framleis er der:

Eg føler det er litt meir seriøst viss ho gjer det enn viss ein ven gjer det. Fordi vener utanfor hybel snakkar om alt heile tida på ein måte. Og så brukar eg meir tid, sånn sosialt sett med dei. Mens når ein er heime, i eit hus, og ein fortrur seg til nokon så følar eg at det skal litt meir til eller at det skal vere meir seriøst (Kim).

I forhold til å fortru seg til nokon og snakka om vanskelege ting, peikar Kim på korleis han/ho opplever skiljet mellom å fortru seg til ein som ein bur med og ein ven. Dette til tross for at informanten har kjent personen i kollektivet og vener som er omtalt her, like lenge.

4.5 Under same tak, men ikkje tett?

Tettleik og nærleik i form av tidsbruk, emosjonell tilknytning, tillit og tenester er ein måte å måla om aktørar har sterke eller svake band mellom seg (Granovetter, 1977). Før dei generelle linjene frå datamaterialet vert trekt, vil eg sjå på kva som kjenneteiknar banda mellom bebuarane i dei ulike kollektiva, ut frå kodegruppene *felles aktivitetar, korleis ein ser på relasjonane og snakka om vanskelege ting*.

Det er stor skilnad i kor mykje tid dei ulike kollektiva har ilag. Robin fortel om ein kvardag der han/ ho oppheld seg så lite som mogleg i fellesareala i kollektivet, som fører til at dei ikkje nødvendigvis ser kvarandre i løpet av dagen:

No så er det stå opp, dra på skulen, enten vere ganske lenge på skulen, og så ete og så gå på rommet, kanskje i sju/åtte-tida liksom. Elles så er det å dra til nokre kompisar rett etter skulen, eller når ein dreg frå skulen då. Og berre vere der til ein kjem heim og legg seg mest.

Alex på si side, har andre forventingar og andre rutinar med sine medbuarar:

Eg forventar jo at ein skal, i alle fall prøva å snakka litt med kvarandre i løpet av dagen. Berre sånn, når ein møter på kvarandre i alle fall. Om ein person har det veldig travelt i løpet av ein dag så er det jo heilt naturleg at ein ikkje treff den personen så mykje då, men. Og det at ein, at ein planlegg litt sånn at ein har ein felles middag og sånt. Eg forventar litt at alle tek litt initiativ til det då.

Alex fortel og at kollektivet bruker fellesareala mykje saman, og gjerne drar ut i lag. Det same gjeld for Kim sitt kollektiv:

Nokre gonger har me laga mat saman, då skal det mest litt meir 'effort' til, for då må ein mest planleggja det. Men filmar ser me veldig ofte, eller viss det er noko som skjer i byen, elles reiser me på Fretex eller sånne ting då.

Kim seier i tillegg at dei kjenner venene til kvarandre, noko som kan sjåast på som den avgjerande faktoren for om dei sosiale banda er sterke eller svake (Granovetter, 1977). Tidsbruken saman er ulik i dei tre kollektiva. Ser ein tillit i samanheng med kor mykje eller lite tid dei brukar ilag, er det tydeleg at dei som brukar mykje tid ilag ser det som meir naturleg å snakke om vanskeleg ting saman. Det å snakka saman om vanskelege ting vert her

brukt for å måla tilliten mellom bebruarane. Robin knyt og desse saman i skildringa av korleis han/ ho ville reagert dersom nokon i kollektivet opna seg om noko:

Eg trur eg hadde følt sånn, ja kanskje følt at ein hadde mykje tillit då. Eg hadde vorte litt sånn, mest litt sånn beæra vil eg seie. Over at ein kjennes som ein tillitsperson då. Men, men eg har vanskeleg med å sjå at det kjem til å skje.

Dei to andre informantane sa at det godt kunne henda at dei snakka med medbruarane om vanskelege ting, høvesvis Alex meir enn Kim. Som sitatet lenger oppe i analysen syner, ser Kim på det som meir «seriøst» dersom medbruarar fortrur seg til kvarandre, enn vener utanom. Ut frå tidsbruken og tilliten kan dei sosiale banda dermed seiast å vere sterkare i kollektiva til Alex og Kim. I denne oppgåva får me ikkje svar korleis dei sosiale banda og eventuelle venskap påverkar studentane sin trivsel og einsamheit, men det er kjend at det å trivast i eigen heim spelar inn på andre område i livet (Thomsen, 2007). Viktigheita av trivsel og tilhøyrsløse for både studiet og livet generelt vert og bekrefta av helse- og trivsels undersøkingar som utførast blant studentar (Knapstad et al., 2018, s. 37). Undersøkinga målar og sosial og emosjonell einsamheit ut frå kven ein bur saman med. Her er ikkje kategorien «andre» med. Ein får med andre ord ikkje fram om einsamheita kan vere høgare blant dei som bur med ukjende.

Med utgangspunkt i korleis relasjonane i kollektiva har vorte skildra, og vurderinga av dei sosiale banda som sterke eller svake, kan ein påstå at kollektiva med ukjende i seg sjølv ikkje er grunnen til eventuell låg trivsel. Som analysen har vist, ligg forhalda til rette for at dei som flyttar inn med ukjende dannar venskap med medbruarane. Sjølv om det er tydelege forskjellar på desse venskap og venskap utanom, er informantane klare på at relasjonane med medbruarane har mykje å seie for kor godt ein trivest. Dette er naturlegvis ein større «risiko» å ta når ein flyttar inn i eit kollektiv utan å vite med kven. Det er ikkje overraskande at Knapstad et al. (2018) skildrar heimen som ein stor del av rammene rundt studentanes kvardagsliv. Ei anna merknad er at tidlegare forskning, då særleg forskning innan arkitektur, viser korleis dei fysiske omgjevnadane våre spelar inn på den sosiale interaksjonen. Rahimi (2015, s. iv) peikar særleg på korleis deling og fordeling av privat og «offentleg» område i studentheimar spelar ei stor rolle i kor mykje studentane interagerer. Dette har ikkje vore tema

for denne oppgåva, men det er likevel viktig å ha i bakhovudet at andre faktorar enn berre kvaliteten på relasjonane spelar inn på interaksjonen i kollektiv.

5. Avslutning

I denne oppgåva har tema vore studentbusetjing, med hovudproblemstillinga: *Korleis opplevast det for studentar å bu i kollektiv med ukjende?* Denne vart konkretisert til to forskingsspørsmål; *På kva måte nyttast metonymiar og teikn for å kommunisera med kvarandre i kollektiv med ukjende?* og *Kva rolle spelar danning av venskap i kollektiv med ukjende?* Med dette ynskja eg å sjå nærmare på skilnaden mellom å bu med ukjende og vener, partnerar osv. Både i forhold til vanar og kommunikasjon, men og korleis danning av venskap forandrar dynamikken i kollektiva. For å studera dette, utførte eg tre kvalitative djupintervju av studentar som bur i kollektiv med ukjende. Avslutningsvis vil eg samanfatta oppgåvas hovudfunn og korleis desse, ilag med dei nytta teoriane, kan danne grunnlag for nye omgrep og vidare forskning.

5.1 Ei open dør er eit ope kollektiv

Intervjua fekk fram korleis informantane på kvar sine måtar kommuniserte med medbuarane utan å nødvendigvis setje ord på det dei tenkte. Kva ein forventa, ynskja og irriterte seg over, vart langt på veg kommunisert gjennom til dømes kroppsspråk og ansiktsuttrykk, der motparten må tolke meininga. Som både Berger og Luckmann (2000) og Johannessen et al. (2018) vektlegg, får og konkretar tillagt konnotasjonar og vert institusjonaliserte, alt etter kva omgrep ein nyttar. I kollektiva med ukjende kom dette særleg fram gjennom bruk av soveromsdøra som teikn og metonymi. Opne dører inn til soveromma vert nytta som teikn på eit ope fellesskap, der medbuarane ikkje lenger er ukjende, men noko meir. Lukka dører derimot, signaliserer avstand og ynskje om privatliv.

Det å «gå på rommet» vart såleis nytta som ein metonymi på at ein ynskjer å vere aleine. Gjennom Berger og Luckmann (2000) sin teori om institusjonalisering, ser ein korleis ei soveromsdør kan gå frå å berre innehalde denotasjonar til å verte utbreidde teikn, institusjonaliserte gjennom sosial einigheit. Når bebuarane i kollektiva over tid observerer handlingane til dei andre, dannar ein seg vanar både i forhold til kvarandre og i lag. Soveromsdøra framstod som ein objektivert institusjon etter intervjua å dømme, nettopp fordi dei var så gjennomgåande i alle tre. Likevel var det andre teikn som syntest å ha eigne konnotasjonar i dei ulike kollektiva. I eit av dei vart til dømes øyrepluggar brukt som eit både

ekskluderande teikn (ved å ha dei i), og eit inkluderande teikn (ved å ta dei ut og «dele» filmar, musikk og seriar).

5.2 Ein slags ven

Korleis informantane såg på medbuarane sine var svært forskjellig. I eit av kollektiva delte dei ikkje anna enn det som var ytst nødvendig, mens andre laga felles middagar, drog ut på byen og såg filmar saman. På tvers av skilnadane på relasjonane, meinte alle at det ikkje var det same å bu med ukjende som vener. Sjølv om ein vart vener med dei tidlegare ukjende sambuarane, peika dei på at det var vanskelegare å hande kontakten dersom ein flytta frå kvarandre, og ikkje like naturleg å snakka saman om vanskelege ting. Som og Fischer (1982) påpeikar, vil det alltid vere skilnad mellom å vere «berre vener» og vener med visse sette rammar, som å arbeide saman, høyre til i same organisasjon, eller som i dette høve, dele bustad. Som det gjerne er i urbane strøk, vil og studentane ha stor valfriheit i kven dei vil vere med, og vil ut i frå Fischer (1982) ikkje vere like avhengige av gode relasjonar til medbuarane, sjølv om dei fysisk sett er nær kvarandre.

Det kan sjå ut som danning av venskap utgjer ein stor skilnad for bebruarane i kollektiva med tanke på trivsel og openheit i heimen. Likevel er det tydeleg at det ikkje er «vanlege» venskap, og at desse relasjonane ikkje ser ut til å ha same grad av tillit. I tillegg peikar informantane på at relasjonane med medbuarar i kollektiv med ukjende, gjerne vert sett på som meir førebelse. Dette ut frå korleis dei ser for seg kontakten mellom dei når dei ikkje lenger bur saman. I oppgåva har det derfor vorte reist spørsmål om Knapstad et al. (2018) bommar i undersøkinga av studentars helse og trivsel? Her vert det å bu med vener og andre plassert i same kategori. Ein vil dermed ikkje få tydeleg fram skilnadane i trivsel mellom dei som bur med ukjende, moglegvis utan å verte særleg kjend med medbuarane, og dei som bur med vener. Gjennom intervju har det kome fram at det er ein betydeleg skilnad mellom desse buformene, særleg dersom ein ikkje vert særleg godt kjend, sånn som Robin i denne oppgåva. Som sagt er mykje av den tidlegare forskinga retta mot studentbusetjing, fokusert rundt korleis sjølve bustaden fordrar sosial interaksjon eller ikkje. Dei sosiale faktorane har ikkje kome like tydeleg fram gjennom desse studiane.

5.3 Nære svake band

Ut frå *måleeiningane* til Granovetter (1977), kan nokre av relasjonane reknast som sterke, andre som svake sosiale band. Det er likevel vanskeleg å kategorisera relasjonane i kollektiv med ukjende som anten svake eller sterke. Ser ein på tidsbruk, vil dei scora relativt høgt sidan dei bur i same husstand. I forhold til emosjonell tilknytning varierer så klart dette, men informantane er alle tydelege på at tilknyttinga til medbuarar som ikkje var vener frå før av, skil seg frå andre venskap. Dette viste seg til dømes gjennom Alex som kunne tenke seg å byte ut medbuarane sine, til tross for at dei fann på mykje i lag og hadde eit *ope* kollektiv. Ein finn heller ikkje den same graden av tillit som ein vil ha i relasjonar med sterke sosiale band. Nokon kunne sjå for seg å snakke med medbuarane om vanskelege ting, mens ein anna informant hadde vanskeleg med å sjå for seg at det kom til skje. Uansett om det var noko ein gjorde eller ikkje, vart det skildra som forskjellig frå å fortru seg til andre vener og kjende. Med utgangspunkt i desse funna, ser ein behovet for eit anna omgrep for denne typen relasjonar.

Eit alternativ er *nære svake band*, som byggjer på omgrepa svake og sterke sosiale band (Granovetter, 1977). Nære fordi dei bur nær kvarandre, og deler ein av dei viktigaste private sfærane me har, heimen. Fysisk sett er ein tett, og medbuarane samarbeider og om ein del praktiske ting som husvask, innkjøp av diverse hushaldingsartiklar og så vidare. Dette gjer at dei svake banda mellom kollektivbuarar, skil seg betrakteleg frå andre svake band. Dermed vil ein ha behov for å setje grenser og kommunisera på ein anna måte enn med «vanlege» svake relasjonar. Graden av nærleik varierer så klart frå kollektiv til kollektiv, og dette aspektet kan vidare vere interessant å knyte meir opp mot forskinga på meir fysiske rammer for interaksjon i slike kollektiv. Den fysiske nærleiken har me likevel sett at ikkje nødvendigvis fører til emosjonell og sosial nærleik. Studentane kan til ein viss grad styra kor mykje dei vil investera i medbuarane sine. Funna i denne oppgåva tyder på at denne typen relasjonar ikkje kan karakteriserast som sterke band i den forstand Granovetter (1977) nyttar omgrepet. Dei er prega av å vere førebelse, har mange usagde slutningar, og vert i tillegg sette på prøve av praktiske omsyn i bustaden. I andre høve er likevel nærleiken og meir emosjonell, og medbuarane ser og på kvarandre som ein slags vener.

Fenomenet med nære svake band dukkar og opp i andre kontekstar. Ein kan til dømes sjå samanhengar mellom korleis ukjende bebuarar i kollektiv og pasientar innlagde på sjukehus, bruker typeinndeling og over tid utviklar teikn for å kommunisera med kvarandre (Album, 1996, s. 35). Sjølv om det er mange openberre skilnadar mellom dei to settingane, kan Album si analyse vere med å bekrefte den type relasjon som nære svake band vil fanga. Omgrepet som vert brukt om pasientane, *nære fremmede*, inneheld og den fysiske nærleiken og emosjonelle avstanden. På same måte som ein av mine informantar, kan og pasientar på fleirmannsrom bruka øyrepluggar som eit teikn på at ein ynskjer privatliv. I tillegg skildrar Album vandring i gangane, og særleg bruk av kroppsspråk som å reisa seg, snu ryggen til osv. for å signalisera ynskje om sosialt samvær eller privatliv (1996, s. 49)

Omgrepet *nære svake band* kan dermed nyttast til å namngje ein relativt ny, og annleis relasjon. Det er og nyttig for å forstå nokon av dei institusjonaliserte teikna som dannast i slike kollektiv, som til dømes soveromsdøra. Studentar som bur i kollektiv med ukjende, omgåst med «svake band», samtidig som dei ikkje har den avstanden som vanlegvis kjenneteiknar denne typen relasjonar. Banda har fått eit nytt aspekt ved seg; fysisk nærleik. Korleis denne buforma med tilhøyrande relasjonar spelar inn på studentars trivsel og helse, kan vere spanande og nyttig å sjå nærare på.

6. Litteratur

- Alberoni, F., & Lone, S. (1986). *Vennskap*. Oslo: Samlaget.
- Album, D. (1996). *Nære fremmede : Pasientkulturen i sykehus*. Oslo: TANO.
- Andersen, K. (2020, 02.04.). Nå blir det forbudt å reise på besøk til Hjørtedal i påska *Telen*. Henta frå <https://www.telen.no/na-bli-det-forbudt-a-reise-pa-besok-til-hjortedal-i-paska/s/5-75-374324>
- Berger, P. L. & Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Brieve, F. J., & Mayfield, R. V. (1970). Emerging Student Housing Patterns in the Small College. *The Journal of Higher Education*, 41(3), 225-227. Henta frå www.jstor.org/stable/1977313. doi:10.2307/1977313
- Clapham, D. (2005). *The meaning of housing : the pathways approach*. Bristol: Policy Press.
- Fischer, C. S. (1982). *To dwell among friends : personal networks in town and city*. Chicago: University of Chicago Press.
- Fjærli, T. (2008). *Stigespillet: Boligkarriere og selvpresentasjon hos unge voksne* (Masteroppgave), NTNU, Trondheim
- Frønes, I., & Brusdal, R. (2000). *På sporet av den nye tid : kulturelle varsler for en nær fremtid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Glaser, B. G., & Strauss, A. L. (1967). *The discovery of grounded theory : strategies for qualitative research*. Chicago: Aldine.
- Granovetter, M. S. (1977). The strength of weak ties. In *Social networks* (s. 347-367): Elsevier.
- Gregory, J. J., & Rogerson, J. M. (2019). Studentification and commodification of student lifestyle in Braamfontein, Johannesburg. *Urbani Izziv*, 30, 178-193. Henta frå www.jstor.org/stable/26690831.
- Hruschka, D. J. (2010). Friendship: Childhood to Adulthood. In *Friendship* (1 utg., s. 121-145): University of California Press. Henta frå https://www.jstor.org/stable/pdf/10.1525/j.ctt1ppn90.11.pdf?ab_segments=0%2Fbasic_SYC-5055%2Ftest&refreqid=search%3Ae33d4d12fbd2ad2a00bf4d1defc6a65a
- Inglehart, R., & Baker, W. E. (2000). MODERNIZATION, CULTURAL CHANGE, AND THE PERSISTENCE OF TRADITIONAL VALUES.(Looking Forward, Looking Back: Continuity and Change at the Turn of the Millennium)(Statistical Data Included). *American Sociological Review*, 65(1), 19. doi:10.2307/2657288

- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W., & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? : nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Keute, A.-L. (2018). Hjemme bra, men borte best? . Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/hjemme-bra-men-borte-best>
- Knapstad, M., Heradstveit, O., & Sivertsen, B. (2018). *Studentenes Helse- og Trivselsundersøkelse 2018*. Henta frå <https://shotstorage.blob.core.windows.net/shotcontainer/SHOT2018.pdf>
- NTB. (2020, 31.03.). Mæland: Greit at studenter reiser hjem på påskeferie om de er friske. *Adresseavisen*. Henta frå <https://www.adressa.no/nyheter/innenriks/2020/03/31/M%C3%A6land-Greit-at-studenter-reiser-hjem-p%C3%A5-p%C3%A5skeferie-om-de-er-friske-21494798.ece>
- Oke, A., Aigbavboa, C., & Raphiri, M. (2017). Students' satisfaction with hostel accommodations in higher education institutions. *Journal of Engineering, Design and Technology*, 15(5), 652-666. doi:10.1108/JEDT-04-2017-0036
- Pratt, M. G., Kaplan, S., & Whittington, R. (2019). Editorial Essay: The Tumult over Transparency: Decoupling Transparency from Replication in Establishing Trustworthy Qualitative Research*. *Administrative Science Quarterly*. doi:10.1177/0001839219887663
- Rahimi, S. (2015). Social interaction in student residence halls: An architectural perspective. Henta frå https://etda.libraries.psu.edu/files/final_submissions/11075
- Ritzer, G., & Stepnisky, J. (2014). *Sociological theory* (9th ed. ed.). New York: McGraw-Hill.
- Skarby, K. (2020, 18.03.). Anbefaler ikke at studenter reiser hjem på påskeferie. *Lofot-Tidende*. Henta frå <https://www.lofot-tidende.no/anbefaler-ikke-at-studenter-reiser-hjem-pa-paskeferie/s/5-28-212292>
- Sæthre, H. Å. (2018, 03.09.). Vi kan gjøre noe med ensomhet blant studentene. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/ytring/vi-kan-gjore-noe-med-ensomhet-blant-studentene-1.14177868>
- Thomsen, J. (2007). Home Experiences in Student Housing: About Institutional Character and Temporary Homes. *Journal of Youth Studies*, 10(5), 577-596. doi:10.1080/13676260701582062
- Thomsen, J., & Eikemo, T. (2010). Aspects of student housing satisfaction: a quantitative study. *Journal of Housing and the Built Environment*, 25(3), 273-293. doi:10.1007/s10901-010-9188-3
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

- Tjora, A. H., Henriksen, I. M., Fjærli, T., & Grønning, I. (2012). *Sammen i byen : en sosiologisk analyse av urbane naboskap, nærmiljø og boligens betydning*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Tønnessen, E. (2018, 16.08.). Politikere bekymret over at en av tre studenter sier de er ensomme. *Khrono*. Henta frå <https://khrono.no/nso-shot-2018-shot2018/politikere-bekymret-over-at-en-av-tre-studenter-sier-de-er-ensomme/232785>
- Universitetet i Bergen. (2020, 27.01.). Psykisk helse og livskvalitet blant norske universitetsstudenter. *uib, studentsider*. Henta frå <https://www.uib.no/studenthelse>
- Vassenden, A. (2018). Produktive anomalier. *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 2(02), 145-163. doi:10.18261/issn.2535-2512-2018-02-03
- Wiggen, K. S., Øygarden, K. F., Bakken, P., & Pedersen, L. F. (2020). *Studiebarometeret 2019: Hovedtendenser* (1). Henta frå https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2020/hoyere-utdanning/studiebarometeret-2019_hovedtendenser_1-2020.pdf

Vedlegg

Intervjugudie «Studentars oppleving av å bu i kollektiv med ukjende»

Info: lydopptak, infoskriv

Innleiande spørsmål:

- Kor gamal er du?
- Kvar kjem du frå? By, bygd, byggefelt?
- Kor lenge har du studert? Kva studerer du?
- Korleis vil du skildre din noverande busituasjon? Kva seier du når nokon spør kor/ korleis du bur? (privat eller via studentsamskipnaden?)
- Har du budd her lenge?
- Kven bur du saman med?
- (Kor mykje vil du seie at du oppheld deg heime?)

Tema:

1. Flyttinga til kollektiv/ forventningar:

- Kvifor flytta du hit?
- Kan du sei noko om kva forventningar du hadde før du flytta hit?
- Kor mykje kontakt såg du for deg at du skulle ha med dei du bur med?
- Korleis er livet i kollektiv i forhold til forventningane?
- Kva hadde du høyrte om å bu i kollektiv før du flytta?

2. Sjølve bustaden, praktiske løysingar:

- Kva må de samarbeida om?
- Kor mykje deler dykk?
- Kva har de kvar for dykk?
- Korleis kom de fram til dei praktiske løysingane? Konkrete hendingar?
- Har de nokre felles aktivitetar/ faste møtepunkt?
- Kor et du middag, ser film osv. På eige rom eller i fellesarealet?
- Inviterer du med folk heim? Kor oppheld de dykk da?

3. Sambuarane, samarbeid mellom dei, kor mykje interaksjon:

- Korleis er miljøet i kollektivet?

- Korleis trivest du i kollektivet?
- Er det eit klart skilje for kva som er privat og kva som er felles i kollektivet dykkar?
- Kan du skildre ei konkret hending der dette har vorte teke opp?
- Har du opplevd at sambuarane dine har brote desse (skrivne eller uskrivne) reglane for kva som er privat/ felles?
- Ser du på kollektivet som ein heim?
- Kor viktig vil du seie at kollektivet ditt er for deg?
- Kor viktig vil du seie det er å trivest der du bur?

4. Meir om relasjonane mellom bebuarane i kollektivet:

- Kven går du til viss du opplever noko vanskeleg eller har ein dårleg dag?
- Korleis ville du reagert dersom nokon av sambuarane dine kome til deg med vanskelege tema?

Avrundande spørsmål:

- Kor lenge ser du for deg å verte buande i dette kollektivet?
- Trur du at du kjem til å kontakt med de du bur med etter at nokon av dykk har flytta ut?
- Er det noko meir du tenker på eller vil tilføra?

Infoskriv med retningslinjer frå NSD

Deltakelse i forskningsprosjekt knyttet til bacheloroppgave om «*Studenters opplevelse av å bo i kollektiv med ukjente*» ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å undersøke hvordan studenter opplever å bo i kollektiv med ukjente, og særlig hvilke forventninger studenter har til en slik bosituasjon. I dette skrivet får du informasjon om prosjektets mål og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Formålet med prosjektet er å gjøre en kvalitativ studie av kollektiv med studenter som ikke kjenner hverandre fra før av, og hvordan dette påvirker bosituasjonen og hvilke forventninger man knytter til bosted i studieperioden. Forskningsspørsmålene som skal analyseres er: «Hvordan opplever studenter å bo i kollektiv med folk de ikke kjenner fra før?» «Hvilke forventninger knytter studenter til relasjoner innad i kollektivet?» «Hvor går grensen mellom det private 'hjemmet' og det delte i et kollektiv med folk som ikke kjenner hverandre fra før?»

Dette er et studentprosjekt, som innebærer analyse av data fra kvalitative intervjuer. Opplysningene samlet inn i oppgaven vil bare brukes til denne. Dersom det er aktuelt å bruke opplysninger til annet formål, som undervisning eller andre forskningsprosjekt, vil du bli kontaktet. Som bacheloroppgave er dette et studentprosjekt som skal oppfylle grunnleggende krav til vitenskapelig kvalitet og etikk.

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

NTNU, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, er ansvarlig for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Utvalget er trukket ut fra studenter som er bosatt i Trondheim. Andre kriterier er at informantene bor med folk de ikke kjenner fra før av, og gjerne deler både kjøkken og bad med disse. Prosjektet har et omfang på ca. 4 dybdeintervjuer, og rekruttering skjer gjennom snøballmetoden og gjennom egne kontakter.

Hva innebærer det for deg å delta?

Du blir invitert til et intervju som varer mellom 30-40 minutter. Intervjudeltakelse vil kunne innebære lydopptak av samtalen.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert.

Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er kun student og prosjektansvarlig som vil ha tilgang ved behandlingsansvarlig institusjon. Lydopptak vil bli tatt opp på diktafon, uten tilkobling til internett eller telenett. Etter opptak vil opptaket transkriberes av studenten selv på en adgangsbegrenset, stasjonær maskin på NTNU, som administreres av Instituttet. Under transkriberingen anonymiseres opplysninger som kan identifisere deg som person. Etter dette slettes lydopptaket. Det vil ikke være noen opplysninger som kan knyttes til deg som person i den ferdige bachelor-oppgaven.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes 22.05.2020. Ved prosjektslutt vil alle personopplysninger og opptak være slettet.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra NTNU, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- NTNU Institutt for sosiologi og statsvitenskap, ved veileder eller prosjektansvarlig
 - Prosjektansvarlig for SOS2900 Bacheloroppgave i sosiologi: førsteamansvarlig Gunhild Tøndel, tlf. 99250660, gunhild.tondel@ntnu.no.
 - Veileder: Aksel Tjora, aksel.tjora@ntnu.no
- NTNUs personvernombud: Thomas Helgesen, tlf 93 079 038, thomas.helgesen@ntnu.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Prosjektansvarlig
(Kursansvarlig/veileder)

Student

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Studenters opplevelse av å bo i kollektiv med ukjente*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju
-

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet.

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

